

Alver kommune v/ Kart og Oppmåling
Kjartan Medaas
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8741 - 21/72595

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
02.11.2021

Løyve til deling etter jordlova for arealoverføring - gnr 438/16 og 438/23 Helland

Administrativt vedtak **Saknr: 1182/21**

Tiltak:

Eigedom: Gbnr: 438/16

Tiltakshavar:

Vedtak :

Alver kommune gjev med heimel i jordlova § 12 samtykke til deling av 0,195 daa bebygd/samferdsel areal som omsøkt frå gnr 438/16. Arealet skal leggjast til gnr 438/23.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om arealoverføring av 195 m² til bustadeigedom gnr 438/23. Arealet ligg i LNF – spreidd bustadområde, og er registrert som bebygd/samferdsel eller anna markslag. Det er tidlegare gitt dispensasjon for delar arealet, men ei feil i grense/kart som vart avdekka under oppmålingsforretning gjer at det må gjerast nytt vedtak.

Planstatus/gardskart:



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Figur 1 situasjonsplan og figur 2 viser gardskart/marksdagardskart syner at gbnr 438/16 har 0,1 daa fulldyrka, 27,1 daa overflatedyrka jord 15,6 daa innmarksbeite, 48,5 daa produktiv skog, 24,5 daa anna markslag og 5 daa bebygd/samferdsel. Sum 120,8 daa

Uttale:

Saka er sendt til landbruksavdelinga frå plan- og byggesak for handsaming etter jordlova.

Vurdering

Arealet er definert som bebygd/samferdsel/anna markslag og treng difor ikkje samtykke til omdisponering i § 9, men krev delingssamtykke etter jordlova § 12.

Deling etter jordlova § 12

Det følgjer av jordlova § 12 at «deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.»

I vurderinga av om det skal gjevast samtykke til deling, skal det leggast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei drifts messig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området.

Dette er eit mindre areal som skal leggast til ein bustadtomt. Arealbruken er allereie etablert. Det ligg i LNF-spreidd bustadområde. Arealoverføringa vil ikkje påverka bruksstrukturen negativt eller svekka arealressursane på bruket. Både huset og tomten ligg der allereie og det vil ikkje gje drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderingane over har kommune kome fram til at omsyna bak deling ikkje vert sett til side som følgje av at det samtykke til deling av 0,195 daa som skal arealoverførast til gbnr 438/23.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/8741

Bortfall av løyve

Samtykke til deling fell bort om oppmåling ikkje vert rekvisert innan 3 år etter at delingsvedtaket vart fatta, jf. jordlova § 12 (8). Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år etter at vedtaket er gjort, jf. jordlova § 9 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/ Kart og Oppmåling Daniel Haugen	Postboks 4 Sætrevegen 75	5906 5936	FREKHAUG MANGER
---	-----------------------------	--------------	--------------------